

Håkon Dyrkolbotn  
Mjånesvegen 42  
Søre Kvingo  
5981 Masfjordnes  
Mobil: 99395718

Søre Kvingo 22.3.14

Steinar Thunold AS  
Sollsmittet 2

5136 Mjølkeråen

## **Merknader til nabovarsel.**

I høve planløyisinga på tomten vil vi gjerne få merka følgjande.

### **Veg og parkeringsplass.**

Vegen inn til parkeringsplassen går over vår grøft for kloakk, vatn straum og fiberkabel. Eg ber dykk vere merksam på dette når veg skal lagast og evt. seinare ved tyngre transportar.

Eit tips kan elles vere at kravet i planføresegna om fjerning av anleggsvegar inn til den enkelte hytte vart nemd på møte i hyttelaget no i haust. Vi må vel sjå i augo at påbod om tildekking av private vegar/parkeringsplassar kan dukke opp i overskueleg framtid. Vi er for vår del innstilt på dette.

### **Aktivitet- og leikområde mellom hyttene.**

Korridoren mellom dykkar og vår hytte er som skapt for leik og aktivitet (ballaktivitet, badminton, start og mål for skirenn mv) både sommar og vinter. For vår del har vi håpa på at dette området kunne få ein slik funksjon for barn og vaksne både frå våre to hytter og dei næraste naboane elles. Vi ser at slik hytta er plassert på tomten kan sørvegg med veranda komma farleg nær ein volleyball ute av kurs. Noko «støy» må vel også påreknast og vil kanskje vere til ein viss sjenanse for verandakosen. Men dette får vi ta som det kjem dersom de har funne at terreng og andre tilhøve tilseier at plassering av hytta på tomten er den best naturtilpassa og mest lagleg og kjekkaste for dykk. Om det elles ikkje inneber ulemper skulle vi sjølvsagt ønskje at hytta dykkar kunne trekkjast litt lengre mot nord på tomten.

Lukke til med byggjearbeidet.

NB! Vi har straum til låns i utekontakten på bodveggen; om det trengst

Med helsing

---

Håkon Dyrkolbotn.